



Kristian Stråmyr

Vår ref.  
13/948/070, &29/BSA

Dykkar ref.

Dato:  
06.02.2013

## Svar på grunngjeve spørsmål frå Kristian Stråmyr,V

Eg syner til grunngjeve spørsmål frå representanten Kristian Stråmyr om lokal føresegn for spreieing og lagring av husdyrgjødsel.

Lagring og spreieing av husdyrgjødsel er regulert i "Forskrift om gjødselvarer av organisk opphav" Føresegnene er heimla i jordlova og forureiningslova m.m. Føremålet med lovreguleringa er å medverke til at ein størst mogleg del av husdyrgjødsla vert spreidd i veksetida. Det medfører redusert bruk av næringsstoff og mogleg forureining til sjø og vassdrag.

Den generelle fristen for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmoding er 1. september. Kommunane kan gjennom eigne føresegnar fastsetje ein annan frist. Ein generell utviding av spreieingstidspunktet kan vere i strid med føresegnene sine føremål om redusert forureining m.m. I Haram kommune har vi difor innvilga dispensasjon til føretak som har eit faktisk behov for utvida frist.

Det kan forventast eit klima med meir nedbør og dei to siste åra har gjødselspreieing innan fristen vore eit problem for mange bruk. Vidare har strukturendringane i jordbruket medført konsentrasjon av husdyra i større einingar og eit større transportbehov for husdyrgjødsla.

Haram kommune fann difor grunn til å ta opp desse spørsmåla med fagorganisasjonane i landbruket i eit møte i Haram Landbruksråd 13.11.2012. Det er teke inn i møtereferatet: *Kommunen ønskjer ein dialog med fagorganisasjonane i landbruket i kommunen om handheving av regelverket på lagring og spreieing av husdyrgjødsel. Kommunen vil utarbeide eit notat som grunnlag for ei drøfting.*

På eit samrådsmøte mellom ein del av kommunane på Sunnmøre og Norsk landbruksrådgiving Sunnmøre (forsøksringen) vart lagring og spreieing av husdyrgjødsel teke opp av Haram kommune.

Etter avtale med forsøksringen skal Haram kommune delta på bygdevisse møter som forsøksringen arrangerer og der regelverket for lagring og spreieing av husdyrgjødsel vil vere eit av våre tema.

Eg reknar med at det på grunnlag av notatet vert utarbeida eit framlegg til føresegner om lagring og spreining av husdyrgjødsel. På grunn av fristar m.m. i samband med høyring og politisk handsaming bør notatet og framlegg til føresegner utarbeidast relativt raskt.

Med helsing

Bjørn Sandnes  
Ordførar

Interntlf. 70 20 75 33